

# KRUSNINGAR I HORNINDALSVATNET



Eg sit på den generøse strandpromenaden til Raftevold hotel i Grodås, og ser utover Hornindalsvatnet. Eg føler meg priviligert, ja nesten aristokratisk der eg sit. Høstsola står rakt imot, og det kruser lett der ute på vatnet. For ein som nesten drukna i badekaret i sitt første leveår svimlar det ved tanken på at det er 514 m ned til botnen.

Ei lita fantasireise: Hornindalsvatnet har godt med fisk; røyre, aure, laks og ål. Kva med tilhøva for ein sjøorm? Dei finnast jo i Skottland i Loch Ness og her til lands i Seljord, henholdsvis Nessie og Selma. Dei treng rett så store vassvolum, slikeit reknast i kubikk-kilometer > km3. Slik er stoda:

Loch Ness har 7,5 km3 | Seljordsvatnet 9,0 km3 | Hornindalsvatnet 12,06 km3

Legenda om Nessie oppstod i år 565 då ein irsk prest skal ha sett at eit monster stakk hovudet opp av vatnet. Nessie er verdsberømd og det er nok ho som har stimulert folketrua andre stader, serleg dei med store vassvolum i innsjøar. Her til lands er det Seljord som har vist stort initiativ. Nytt er at seljordsormen Selma no buktar seg i betong på eigen rastepllass. Ho er blid og vennleg og inviterer barn til å klatre på ho.

Legg merke til namna, Nessie og Selma. Sjøormar er damer! Det har noko med feminin eleganse å gjere, måten damene buktar seg på! Hos oss nemnast Horny, som om damene ville slippe han til ... han vil bli avvist som gamle bildek! Nei namnet må vere **Inga** > Horn-inga. Sjøorm-damene heiter i mitt sinn Nessie, Selma og Inga!

Det gleder meg at attraksjonen ved Hornindalsvatnet markerast på scene, men det langt frå nok. Inga må materialiserast, ho må sjølv vere til stades i Grodås! Utfordre kunstnarar!

Eg sit altså her og nyt hotellets utsikt mot Hornindalsvatnet, og har ei fantasireise. No hører eg den gamle båten «Dølen», den har lagt til der ute sjøen er djupast. Raftevold & Co skal nok markere og feire! Eg tenkjer eg tek anker-drammen her eg sit. Dere skulle vel aldri ha sorten «Gammel reserve»? Den har namn etter meg ...